



# NOREGS HØGSTERETT

Den 29. januar 2015 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Indreberg og Noer i

**HR-2015-00203-U, (sak nr. 2015/25), straffesak, anke over dom:**

A (advokat Erling Hagerup)

mot

Den offentlige påtalemyndighet

gjort slik

## V E D T A K :

- (1) Saka gjeld anke over saksbehandlinga i lagmannsretten i ei sak om valdtekt til samleie med barn under 14 år. I tillegg er det anka over avgjerda av det sivile kravet.
- (2) Romsdal tingrett sa 7. april 2014 dom med slik domsslutning:
  - "1. A, født 00.00.1992, frifinnes for straff.
  2. A dømmes til innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av dommen å betale B 150 000 – etthundreogfemtitusen – kroner i oppreisningserstatning.
  3. Saksomkostninger ilegges ikke."
- (3) Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete anka til lagmannsretten over bevisvurderinga under skuldspørsmålet. Både den sikta og den krenkte kravde ny behandling av det sivile rettskravet som tingretten gav dom for.
- (4) Frostating lagmannsrett sa 10. desember 2014 dom med slik domsslutning:
  - "1. A, født 00.00.1992, dømmes for overtredelse av straffeloven § 192 første ledd bokstav a, jf. annet ledd bokstav a og straffeloven § 195 første ledd annet straffalternativ, alt sammenholdt med straffeloven §§ 62 første ledd og 64, til 410 – firehundreogti – timer samfunnsstraff, med en gjennomføringstid på 1 – ett – år og 9 – ni – måneder, jf. straffeloven § 28 a og § 55. Den subsidiære fengselsstraffen

fastsettes til 2 – to – år og 6 – seks – måneder.

2. **A dømmes til å betale 150 000 – etthundreogfemtitusen – kroner til B innen 2 – to – uker etter at dommen er forkynt.**
3. **Saksomkostninger idømmes ikke."**

- (5) Dommen i lagmannsretten var i samsvar med påstanden frå aktor. For tingretten var påstanden samfunnsstraff med 420 timar med ei gjennomføringstid på 1 år, og også der med ei subsidiær straff av fengsel i 2 år og 6 månader.
- (6) A har anka til Høgsterett. Anken gjeld saksbehandlinga. Det er gjort gjeldande at lagmannsretten skulle vore sett med lagrette og ikkje som meddomsrett, då påtalemakta hadde sett fram påstand om subsidiær fengselsstraff på meir enn to år, jf. straffeprosessloven § 352 andre ledd nr. 2.
- (7) *Påtalemakta* har teke til motmæle, og påstått anken nekta fremja. Det er gjort gjeldande at det ikkje ligg føre saksbehandlingsfeil, då det er påstanden om samfunnsstraff som er avgjerande etter § 352 andre ledd nr. 2, ikkje påstanden om subsidiær straff. Ein eventuell saksbehandlingsfeil har likevel ikkje hatt innverknad på innhaldet av dommen, og skal heller ikkje vilkårslaut givast verknad, jf. straffeprosesslova § 343 andre ledd nr. 3.
- (8) *Høgsteretts ankeutval* viser til at den domfelte vart frifunnen i tingretten og domfelt i lagmannsretten. Etter straffeprosesslova § 323 første ledd tredje punktum, jf. andre ledd fjerde punktum kan anken frå han då berre nektast fremja dersom utvalet samrøystes finn det klart at anken ikkje vil føre fram.
- (9) Straffeprosesslova § 352 første ledd og andre ledd nr. 2 lyder slik:
 

**"Lagmannsretten skal under ankeforhandlingen settes med lagrette når det er anket over bevisbedømmelsen under skyldspørsmålet og anken gjelder straff for forbrytelse som etter loven kan medføre fengsel i mer enn 6 år.**

**Dette gjelder likevel ikke [...]**

**2) når siktede var under 18 år da forbrytelsen ble begått, dersom påtalemyndigheten ikke vil påstå og det ved den påankede dom ikke er idømt fengsel i mer enn 2 år, ... ."**
- (10) Den domfelte var i saka no under 18 år då brotsverket vart gjort. Påstanden var heile tida samfunnsstraff med subsidiær fengselsstraff – den siste på meir enn 2 år.
- (11) Utvalet er kome til at lova her må forståast i samsvar med ordlyden. I straffeprosesslova § 352 andre ledd nr. 2 er det avgjerande at det er gitt eller påstått dom for fengsel. Ein dom på samfunnsstraff er ikkje ein dom på fengsel. Sjølv om det er mogeleg at den domfelte på grunnlag av dom på samfunnsstraff kan måtte sone den subsidiære straffa på fengsel, er det ikkje naturleg å la slik subsidiær straff vere styrande for val av prosessform.
- (12) Utvalet er etter dette samrøystes kome til at det ikkje ligg føre nokon saksbehandlingsfeil hos lagmannsretten, og at det er klart at anken ikkje vil føre fram. Anken over straffekravet blir då ikkje tillaten fremja for Høgsterett.

SLUTNING :

Anken over straffekravet blir ikkje tillaten fremja.

Hilde Indreberg  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Ragnhild Noer  
(sign.)

Riktig utskrift: